

# Protokoll frå ekstraordinært styremøte i Helse Førde HF

Tid: 26.05.2017, kl. 10:00 – 11:25  
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Del av styremøte var ope for publikum og presse

## Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Atle Hamar	Nestleiar
Helge E. Bryne <i>(via telefon)</i>	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Liv Stave	Medlem
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye <i>(via telefon)</i>	Medlem
Arthur Norevik	Medlem

## Deltakarar frå administrasjonen

Børge Tvedt, kst. viseadm. direktør *(sak 036, 037 og 039)*  
Per Marifjæren, konsulent kommunikasjon *(sak 036, 037 og 039)*  
Berit Irene Haarklau, referent *(sak 036, 037 og 039)*

## Sakliste

---

- 036/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
037/2017 Oppnemning av utval for tilsetting av administrerende direktør i Helse Førde HF

### Lukka del:

- 038/2017 Konsituering i stilling som administrerende direktør i Helse Førde HF  
*Uoff, Off.I. § 5, 3. ledd*

### Sak til orientering:

- 039/2017 Eventuelt

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret og publikum velkommen til ekstraordinært styremøte ved Førde sentralsjukehus.

## **036/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Punkt til Eventuelt-saka var drøfting av styret sin møteplan 2017.

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **037/2017 Oppnemning av utval for tilsetting av administrerende direktør i Helse Førde HF**

### **Oppsummering:**

Jon Bolstad har sagt opp stillinga som administrerende direktør i Helse Førde.

Styret har etter Lov om helseføretak § 38 ansvar for å tilsetja ny administrerende direktør.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Styret i Helse Førde ber administrasjonen setja i gang arbeidet med å gjera avtale med leverandør av ekstern rekrutteringshjelp i samarbeid med Helse Vest RHF. Styreleiar deltek i prosessen og gjer avtale på vegner av føretaket. Tilsettingsutvalet vil bli halde orientert.
2. Styret i Helse Førde HF oppnemner eit tilsetjingsutval samansett av: Styreleiar Agnes Landstad, nestleiar Atle Hamar, styremedlem Helge Bryne frå eigar Helse Vest RHF og styremedlem(er) xxxxxxxx, vald av og blant dei tilsette.
3. Styreleiar samlar tilsettingsutvalet til å gå gjennom forslag til vidare plan for rekrutteringsprosessen.
4. Det er tilsettingsutvalet som vil gi endeleg innstilling til styret i Helse Førde.

### **Styremedlem Norevik hadde følgjande framlegg til oppnemning i punkt 2:**

Wenche Kristin Røkenes, vald av og blant dei tilsette  
Hans Jacob Westbye, vald av og blant dei tilsette

### **Votering:**

Styreleiar Landstad sitt framlegg til vedtak, med styremedlem Norevik sitt tillegg i punkt 2, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Førde ber administrasjonen setja i gang arbeidet med å gjera avtale med leverandør av ekstern rekrutteringshjelp i samarbeid med Helse Vest RHF. Styreleiar deltek i prosessen og gjer avtale på vegner av føretaket. Tilsettingsutvalet vil bli halde orientert.
2. Styret i Helse Førde HF oppnemner eit tilsetjingsutval samansett av: Styreleiar Agnes Landstad, nestleiar Atle Hamar, styremedlem Helge Bryne frå eigar Helse Vest RHF og styremedlemer Wenche Kristin Røkenes og Hans Jacob Westbye, vald av og blant dei tilsette.
3. Styreleiar samlar tilsettingsutvalet til å gå gjennom forslag til vidare plan for rekrutteringsprosessen.
4. Det er tilsettingsutvalet som vil gi endeleg innstilling til styret i Helse Førde.

## Lukka del:

Uoff, Off.I. § 5, 3. ledd

## **038/2017      Konstituering i stilling som administrerende direktør i Helse Førde HF**

### **Oppsummering:**

Jon Bolstad har sagt opp stillinga som administrerende direktør i Helse Førde. Det er oppnemnt eit styreutval som skal rekruttere ny administrerende direktør. I mellomtida skal ein ny person konstituerast i stillinga.

### **Framlegg til vedtak frå styremedlem Westbye:**

Styrets tilsetningsutvalg skal kartlegge moglege kandidatar til konstituert AD i eigen organisasjon. Innstilling vert lagt fram for styret i ekstraordinært telefonstyremøte.

1. prøvevotering:

Styremedlem Westbye sitt framlegg fekk 4 røyster for og 6 røyster mot.

### **Framlegg til vedtak frå styreleiar Landstad:**

Styret gir si tilslutning til følgjande:

1. Børge Tvedt vert konstituert som administrerende direktør i Helse Førde med verknad frå 26.05.2017.
2. Styreleiar får fullmakt til å inngå arbeidsavtale.
3. Arbeidsavtalen som konstituert administrerende direktør skal utformast slik at den har varigheit til ny administrerende direktør er tilsett og at arbeidsavtalen inneber at Børge Tvedt frå same dag fråtrer stillinga som konstituert administrerende direktør og går tilbake til si noverande stilling.

2. prøvevotering:

Styreleiar Landstad sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Votering:**

Prøvevotering vart gjort gjeldande.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret gir si tilslutning til følgjande:

1. Børge Tvedt vert konstituert som administrerende direktør i Helse Førde med verknad frå 26.05.2017.
2. Styreleiar får fullmakt til å inngå arbeidsavtale.
3. Arbeidsavtalen som konstituert administrerende direktør skal utformast slik at den har varigheit til ny administrerende direktør er tilsett og at arbeidsavtalen inneber at Børge Tvedt frå same dag fråtrer stillinga som konstituert administrerende direktør og går tilbake til si noverande stilling.

Sak til orientering:

**039/2017      Eventuelt**

Styret drøfta møteplanen for 2017. Det kan bli forslag om 1 – 2 møter i tidsrommet mellom 30. juni og 12. september. Forslag til møteplan vert utsendt til neste styremøte 6. juni 2017.

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Atle Hamar  
Nestleiar

---

Helge E. Bryne  
(via telefon)

---

Harry Mowatt

---

Liv Stave

---

Aud Ingrid Espeland

---

Wenche Kristin Røkenes

---

Randi Aven

---

Hans Jacob Westbye  
(via telefon)

---

Arthur Norevik